

Vedtekter for Studentprisen ved Høgskulen i Volda

Prisen

- § 1 Studentprisen vart oppretta etter vedtak i Studenttinget i Volda den 24. februar 2010. Prisen er meint å skulle fremje engasjement blant studentar ved Høgskulen i Volda.
- § 2 Studentprisen skal offentleggjerast i byrjinga av mai kvart år, og vert delt ut ved studiestart påfølgande semester.
- § 3 Premien er på 7500 kroner, og vert finansiert av Høgskulen i Volda.
- § 4 Studentprisen kan gå til både einskildpersonar og grupper, og premien kan verte delt på fleire vinnarar.

Prosess

- § 5 Studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda og tilsette ved Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) kan nominere kandidatar til Studentprisen.
- § 6 Framlegg til kandidatar må innehalde namn og kontaktinformasjon både for den som nominerer og den som vert nominert, samt ei grunngjeving for kvifor nettopp denne studenten/desse studentane bør få prisen. Frist for å nominere kandidatar er sett til 15. april.
- § 7 Leiar i STiV har det overordna ansvaret for Studentprisen. Vedkommande kallar inn til jurymøte snarast råd etter at nominasjonsfristen er ute, set ein dato for sjølve utdelinga, og overrekker prisen til vinnaren/vinnarane.
- § 8 Juryen for Studentprisen består av leiar i STiV, ein representant frå rektoratet ved HVO, studiedirektør ved HVO, ass. direktør ved SiVolda, samt ein studentrepresentant frå styret til SiVolda. Sistnemnde vert oppnemnd av STiV på andre studenttingsmøtet i vårsemesteret.
- § 9 Namnet på vinnaren/vinnarane av Studentprisen må vere klart seinast ei veke før offentleggjeringa finn stad.
- § 10 Arbeidsutvalet i STiV oppnemner erstattarar dersom ein eller fleire av jurymedlemene er inhabile eller ikkje har høve til å møte opp.

Nominasjon og kriterium for tildeling

- § 11 Den/dei nominerte skal vere eller ha vore student ved Høgskulen i Volda seinast for eit år sidan.
- § 12 Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på kriteria som er nemnde nedanfor:

Studenten/studentane har:

- ✓ Utmerkt seg særskild gjennom arbeid for eit godt studentmiljø eller betre studiekvalitet
- ✓ Brukt mykje av fritida si på aktivitetar som fremjar studentvelferd
- ✓ Vore med på å starte opp nye positive studentaktivitetar
- ✓ Vore aktivt med på å fremje Volda som studiestad.

Ved tildeling må minst eitt av desse kriteria vere oppfylt.

- § 13 Juryen avgjer kven av dei nominerte som har gjort seg mest fortent til prisen og kårar ein eller fleire vinnarar. Avgjerdsla er endeleg.

Vedtekter

- § 14 Vedtektene for Studentprisen er opne for endring ved to tredjedels fleirtal i Studenttinget.

Sist endra i Studenttinget 21.02.2017